

PROSJEKTKOKERI

Kulturarv

Leiar: Hilde Johanne Hansen, Øksnes kommune
Sekretær: Silje Stubø Solstad



Internasjonal kulturkraft

Kva skal til for å opna opp for internasjonalt samarbeid?

Ufordringar:

Det er knapp tid til å jobba med prosjekta. Mange har ikkje tenkt på internasjonalt samarbeid som eit reelt alternativ. Kulturfeltet har mange arbeidsoppgåver og knappe ressursar, det er utfordrande å finna ei retning og gjera prioriteringar i ein jungel av arbeidsoppgåver.

Å vera med i eit prosjekt er eit middel, ikkje eit mål i seg sjølv. Me må finna dei gode ideane. Tilretteleggarfunksjonen er viktig!

Kommunane har ikkje nok informasjon og kunnskap om søknadsprosessen. Søknadsskrivarkurs, gjerne i samarbeid med KS, kunne vore nyttig.

Den økonomiske rapporteringa skulle vore enklare, til dømes er rapporteringskrava til Kreativt Europa vorte meir omfattande enn før. Rapporteringa tek for mykje tid, og går ut over det ein eigentleg skal jobba med.

Ein får ikkje endra byråkratiet over natta, men det er viktig at Norge med sine system er med og deltar i europeiske samarbeid. På sikt kan påverknad frå Norge vera med på å opna opp og gjera prosessane enklare.

Det er viktig med dei gode hjelparane, å kjenna til infrastrukturen og nytta seg av denne. Det finns ulike måtar å organisera prosjekta på, og ulike typar samarbeid.

Det som gjer at ein kan utvikla seg er å finna noko som er likt, men som er gjort på ein heilt annan måte i eit heilt anna land. Få kommunane på sporet. Utvikla noko hjå oss sjølv, men og gje noko av oss sjølv. Om me skal samarbeida med næringslivet, må me gjera det på kulturen sine premissaar om me skal få til noko stort.

Idear knytt til formidling. Kulturarv og digital formidling er tema

Akerselva digitalt er ein vandringsguide til Akerselva si industrihistorie. Formidling handlar mykje om møte mellom menneske.

Steinkjer har utdanning innan spelutvikling. Det manglar førebels verktøy til å overføra landskapsdata til spel. Lars Forseth frå Nord-Trøndelag kommune meiner raffinering av data er viktig. Kanskje ein kan skriva artiklar om kulturminne på wikipedia og linka dei til Norgeskart?

På Radøy har dei lidarskanna delar av kystområde. Data frå skanninga kan mellom anna gje informasjon om kva havnivået var i vikingtida. Arkikon i Bergen har nytta dataa til å laga ein terrengmodell. Vidare utfordring er å finna ut korleis dei skal jobba for å gjera den digitale modellen interaktiv.

Treff den digitale formidlinga?

Kunst kan nyttast til å setja søkjelyset på kulturminne, f.eks. gamle industrihus. Ein må passa på at kulturminne ikkje vert redusert til ei kulisser.

I tettbygde strøk kan det vera ei utfordring med kraftig vekst, det kan vera vanskeleg å ta vare på bygningar og anna kulturarv når sterke kommersielle krefter presser på. På mindre plassar er det gjerne ei utfordring at bygningar står tomme og ubrukne. Det er ikkje nødvendigvis press på bygningane slik som i byane.